



Helge Sleire
Hestnesvegen 161
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2157 - 15/17912

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
29.09.2015

Godkjenning- Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett for oppføring av reidskapshus i landbruket på gbnr 29/1

Administrativt vedtak. Saknr: 353/2015

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Det vert vist til søknad etter Plan- og bygningslova § 20-4 motteke 5.8 og 21.8.2015 i Meland kommune. Søknaden gjeld oppføring av reidskapshus i landbruket på 75,84 m² BRA på gbnr 29/1 på Hestnes.

VURDERING

Planstatus:

Eigedommen ligg i kommuneplanen sin arealdel (KPA) som Landbruk, natur- og friluftsområde (LNF-område). Tiltaket er eit redskapshus i landbruket, det er ikkje krav om dispensasjon, og tiltaket er i tråd med kommuneplanen.

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla i perioden 4.8.2015 til gbnr 29/3. Kommunen vurderer gjennomført varsling som tilstrekkeleg, jf. Pbl § 21-3. Det er ikkje merknader til varselet og eigar av gbnr 29/3 har samtykka til taltaket. Søkjar har søkt om fritak frå varsling av andre naboar, på bakgrunn i at dei ligg langt i frå og ikkje vil ha innsyn i tunet.

Meland kommune gjev med heimel i Pbl § 21-3 fritak for ytterlegare varsling av andre naboar enn varsla, og nabovarslinga som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket må plasserast som vist på situasjonskart stempla godkjent 29.9.2015.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Planløyving og utsjånad:

Tiltaket skal oppførast i samsvar med vedlagte snitt, plan og fasadeteikningar stempla godkjent 29.9.2015. Kommunen vurderer at tiltaket stettar krava i pbl § 29-1.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-4 løyve til oppføring av reidskapshus i landbruket på 75,84 m² på gbnr 29/1 på Hestnes, i samsvar med søknad journalført 5.8 og 21.8.2015. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga ovanfor.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar stempla godkjent 29.9.2015.

Plassering som vist på kart stempla motteke og med følgjande toleransekrav:
I horisontalt plan + - 50 cm. I vertikalt plan + - 20 cm.

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søkjar – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så langt det ikkje er gjeve unntak.»

Gebyr:

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Med helsing

Anny Bastesen

Merethe Tvedt

sektorsjef teknisk

byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

20150929152823

20150929152843

Mottakere:

Helge Sleire

Hestnesvegen 161 5918

FREKHAUG